



Hordaland fylkeskommune
Fylkeskonservatoren v/Eilizabeth Warren

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2017001055-3/2017016781 Arkiv: Dato: 11.12.2017

UTTALE FRÅ SVEIO KOMMUNE TIL PRIORITERING AV TILSKOTT TIL VERNA KULTURMINNE

Sveio kommune har motteke to søknadar om støtte gjennom den nye ordninga «Tilskott til verna kulturminne i Hordaland». Prioriteringa av søknadane er gjort i samsvar med prioriteringar i «Kommunedelplan for kulturminne i Sveio», som blei vedteken i 2015. Kommunen har førebels ikkje sett av eigne midlar til tilskottsordninga, men vedtok i 2016 å gje fritak for eigedomsskatt for kulturminne som er prioriterte i kulturminneplanen (klasse A). Midlar til tilskottsordning er eitt av tiltaka som er føreslått i handlingsplanen til kulturminneplanen.

Prioritering av søknadane:

1. Tilskott til restaurering/vøling av fasade – våningshus på Oa.
Kommunen sin vurdering: Huset er del av eit gardstun der heilskapen er ivaretatt og det er gjort eit langvarig og systematisk arbeid for å ta vare på bygningane. Våningshuset i sveitsarstil har ein detaljrikdom som er sjeldan i Sveio. Deler av fasaden er roten og noko av dekoren må skiftast med nye kopiar. Det hastar å få gjort dette arbeidet, då det trekk vatn inn i bygget. Tunet er i klasse A i kulturminneplanen, og har såleis høg prioritet lokalt.
Søknad med vedlegg ligg ved.
2. Eldhus, Reino, Søre Våge (Sefraknr 12160102068/bygningsnr 173714025)
Kommunen sin vurdering: Det er mange ståande eldhus på gardane i Sveio. I motsetnad til andre bygningstypar, er det gjerne gjort lite endringar på eldhusa. Men mange av dei er prega av manglande bruk og vedlikehald, og er i ferd med å forfalle. Eldhuset på Reino er typisk med natursteinsmur og skifertak. Det har mellom anna blitt nytta av skule og barnehage. Nå er takkonstruksjonen roten og står i fare for å rasa saman.
Alle intakte og nokolunde autentiske eldhus er listeførte og klassa som B i kulturminneplanen. Tiltaket samsvarer såleis godt med lokale prioriteringar.
Grunna misforståing om kor søknaden skal sendast, og feil ved scanning, ligg berre deler av søknaden ved. Dei manglande dokumenta vil bli ettersendt snarast råd.

Med helsing

Ellen Urheim Tveit
Rådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org.nr.:	Bankgiro:	E-post:
Postboks 40	53 74 80 00	53 74 80 01	864967272	3240.08.87550	postmottak@sveio.kommune.no
5559 Sveio					

Fakturaadresse: Postboks 54, 5559 Sveio